

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 08.06.05 **Tid:** 08.30 – 15.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Frode Bjørnås

Marion Langhelle Pedersen

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, adm.sjef, leiar av felles landbrukskontor og miljø- og landbrukssjef.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. juni 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Sture Tveit viste til at sidan frist for å gje inn innspel til kommuneplan var sett til den 6.6. ville det sannsynlegvis koma inn merknader også på møtedato. Det vart opplyst at alle kjende merknader ville verta lagt fram for utvalet.

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Janne Drevsjø og Olaug Karin Øystese etterlyste kva som er gjort/vert gjort i høve til å opna opp for kjøring gjennom bustadfeltet på Lønnebakken for eit par grunneigarar slik som tidlegare opplyst. I dag er dette av ulike grunnar vanskeleg. Det vart bedt om at det vart tydeleg for alle kva som gjeld, og at fysiske tiltak vert gjort for å legge til rette for kjøring slik som bestemt.

Olaug Karin Øystese etterlyste framdrift på utbetringa i Hagamulen. Adm.sjef orienterte at arbeidet er så omfattande at det må som fylgje av krav i EØS-reglementet lysast ut offentleg. Dette vert det arbeidd med.

Øyvind Røen spurde etter arbeidet med bygging av tersklar og opprydding. Hans Kristian Stenerud orienterte om at han var kalla inn til synfaring i slutten av juni på det arbeidet som var gjort, og at han vil då ta opp desse problemstillingane.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjef viste til førre møte der det var reist spørsmål ved fritak for betaling av kloakkavgift for ein eigedom på Haga. Notat dagsett 24.05.2005 om saka vart utdelt. Konklusjonen er at det ligg føre ein rettskraftig dom frå 1983 som tilseier at kommunen ikkje kan krevja den aktuelle avgifta.

Ordførar orienterte om at det vert synfaring på kommunale vegar i næraste framtid. Leiar og nestleiar i naturutvalet og ordførar og varaordførar vil saman med personell frå teknisk eining gå over alle kommunale vegar. Rapport vil verta lagt fram for utvalet i ettertid.

På møtet vart det orientert om det pågåande arbeid med å evaluera felles landbrukskontor. Leiar av kontoret Helene Dahl fortalte om prosessen og ba om naturutvalet sine synspunkt. Naturutvalet ga tilbakemelding om at dei har opplevd samarbeidet som ok. Samarbeidet opplevast positivt, sakene kjem godt førebudd og naturutvalet har ikkje informasjon om at innbyggjarane opplever at sakene tek lang tid. Dette vert politkarane i Samnanger kommune sine tilbakemelding til evalueringa.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0021/05	00/00105 KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010 2. GONGS HØYRING
0022/05	05/00188 REGULERINGSPLAN GNR 34, BNR 45 I EIKEDALEN.
0023/05	05/00034 KLAGE PÅ DELEGERT VEDTAK SAK 10/05 AVSLAG PÅ BYGGING AV 6-8 NAUST/RORBUER PÅ GNR.43 BNR.87 TYSSE
0024/05	05/00145 DELINGSSAK GNR 25, BNR 11, 138.
0025/05	05/00161 DELINGSSAK GNR 24/35.
0026/05	05/00162 DELINGSSAK GNR 32, BNR 1.
0027/05	05/00185 FRITAK FRÅ BU- OG DRIVEPLIKT GNR 31, BNR 28 GRØNSDAL.
0028/05	05/00199 FRITAK FOR BU- OG DRIVEPLIKT GNR. 7, BNR. 2, HAUGEN

0021/05

KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010

2. GONGS HØYRING

Handsaming i møte:

Utvalet tok synfaring på eit par stadar.

I møtet vart merknadane som var komne inn etter at innkalling til møtet var sendt ut delt ut.

Dette galdt:

2 skriv frå leiar i Gjerde grunneigarlag, Halldor Trengereid

Landbruksavdelinga si tilråding til fylkeslandbruksstyret

Fiskeridirektoratet

Hordaland fylkeskommune

Lena Tveit

Høysæter grunneigarlag v. leiar Terje Høysæter

Adv. Kvåle og Skeie ans. for Edith Berge

BKK

Bjørkheim Eiendom a.s

Samnanger Bondelag v. leiar Anne Frøland

NVE

Innkomne merknader, både utsende og nyleg innkomne vart gjennomgått og tekne stilling til.

Det vart peika på ein del feil i namn på kartet og feil rettskriving som må rettast opp før endeleg plankart vert trykt opp. Vidare må teiknforklaring grupperast i høve til plan- og bygningslova.

Oversikt over godkjende reguleringsplanar skal supplerast med plan for bustadfelt Ådland, og sidan reguleringsplanen for Bjørkheim ikkje er godkjend må den takast ut.

Fleire av merknadane går på einskildtomter innanføre eller i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader. Utvalet vil at desse sakene skal sjåast på ved konkrete byggesøknader, og handsamast som søknader om dispensasjon.

Utvalet bestemte at merknader til planen som gjeld strandsonen som ligg i LNF ikkje vert teke omsyn til i denne omgang sidan det skal utarbeidast ein eigen strandsoneplan.

Utvalet vil tilrå ein generell merknad om at det vert høve å bygge på frådelte hyttetomter innan eksisterande hyttefelt.

Utvalet har fylgjande merknader til plankartet:

Det vert sett av eit område på gnr. 8 bnr. 4 til fritidsbustader i samsvar med merknad frå Bjørg Spjeld.

Byggeområdet på Steinsland vert utvida slik at det vert plass til ei bustadtomt på gnr. 25 bnr. 3.

Utvalet imøtekjem merknader om to nausttomter innanføre byggeområde på Haga.

Området avsett til badeplass i Ospevika vert sett i kategori for bandlagt område der det kan krevjast innløyising.

Utvalet vil endra planframlegget slik at området avsett til spreidd bustadbygging på Sandvik vert utvida, og tal bustader vert utvida med 1 frå 3 til 4.

Området på gnr. 37 bnr. 3 som er merkja av som eksisterande hytteområde vert endra til område for spreidd hyttebygging med plass til 4 hytter.

Utvalet tek omsyn til merknad frå Solberg, og eksisterande hytteområde i Holmane vert teke inn i planen.

Når det gjeld hyttebygging elles i dette området, vert det stilt krav om ein samla utbyggingsplan for gardane Ulland, Jarland og Haug.

Utvalet tek delvis omsyn til merknad frå E. Tysseland, gnr. 32 bnr. 1 og området ovanfor fylkesveg i området Kvernelva - Klokkarbekken vert avsett til hytteområde med krav om reguleringsplan.

Innkome merknad frå grunneigarlaget v. Joar Kolle om nytt hytteområde mot skisenteret må avklarast vidare.

Kommunalt område i Hagamulen vert omdisponert til byggeområde med krav til reguleringsplan.

NVE sin merknad om å markera verna vassdrag – Frølandselva m.m. – på kartet vil administrasjonen få avklara nærare.

Merknaden om å markera regulerte vatn vart imøtekome.

Kraftstasjonar og demningar skal markerast som byggjeområde med hovudføremål anlegg for kraftproduksjon.

Landbruksdirektøren har gitt slik uttale:

I LNF-områda der det er tillete med spreidd bustadbygging eller spreidd hyttebygging må følgjande punkt stå som føresegner på plankartet i tillegg til dei føresegnene som alt er ramsa opp under pkt. 3.2.1: *Ikkje byggja eller dela frå nærmare driftsbygning i landbruket enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplagar.*

Utvalet aksepterte å ta dette inn i planen.

Utvalet ønsker å imøtekoma Samnanger Bondelag sin merknad i høve til å opna opp for utradisjonell næringsverksemd knytt til gardsdrift. Dette vert formulert i føresegnene.

I Eikedalen vert det sett krav om utbyggingsplan innan allereie eksisterande hytteområde, då det her er ønske om ei fortetting som også inneber bygging på fleire tomter enn det som pr. d.d. er frådelt.

Vedtak:

Kommuneplan for Samnanger, arealdel, dagsett juni 2005 vert godkjend slik han ligg føre med desse endringane:

Det vert sett av eit område på gnr. 8 bnr. 4 til fritidsbustader i samsvar med merknad frå Bjørg Spjeld.

Byggeområdet på Steinsland vert utvida slik at det vert plass til ei bustadtomt på gnr. 25 bnr. 3.

Det vert teke inn to nausttomter innanføre byggjeområde på Haga. Området avsett til badeplass i Ospevika vert sett i kategori for bandlagt område der det kan krevjast innløyising.

Område avsett til spreidd bustadbygging på Sandvik vert utvida, og tal bustader vert utvida med 1 frå 3 til 4.

Området på gnr. 37 bnr. 3 som er merkja av som eksisterande hytteområde vert endra til område for spreidd hyttebygging med plass til 4 hytter.

Utvalet tek omsyn til merknad frå Solberg, og eksisterande hytteområde i Holmane vert teke inn i planen.

Området på gnr. 37 bnr. 3 som er merka av som eksisterande hytteområde vert endra til område for spreidd hyttebygging med plass til 4 hytter.

Eksisterande hytteområde i Holmane vert teke inn i planen.

Når det gjeld hyttebygging elles i dette området, vert det stilt krav om ein samla utbyggingsplan for gardane Ulland, Jarland og Haug.

Det vert sett av eit område på gnr. 32 bnr. 1 ovanfor fylkesveg i området Kvernelva - Klokkarbekken til hytteområde med krav om reguleringsplan.

Kommunalt område i Hagamulen vert omdisponert til byggeområde med krav til reguleringsplan.

Regulerte vatn vert merka på kartet.

Kraftstasjonar og demningar skal markerast som byggjeområde med hovudføremål anlegg for kraftproduksjon.

I føresegnene punkt 3.2.1 vert det fylgjande teke inn: Ikkje byggja eller dela frå nærmare driftsbygning i landbruket enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplagar.

Det vert teke inn som generell merknad at det vert høve å bygge på frådelte hyttetomter innan eksisterande hyttefelt.

I Eikedalen vert det sett krav om utbyggingsplan innan allereie eksisterande hytteområde, då det her er ønske om ei fortetting som også inneber bygging på fleire tomter enn det som pr. d.d. er frådelte.

0022/05

REGULERINGSPLAN GNR 34, BNR 45 I EIKEDALEN.

Framlegg til vedtak::

Reguleringsplan for Eikedalen hyttetun vert godkjent til utlegging til 1. gongshøyering med vilkår om at følgjande endringar vert gjort før planen vert lagt ut:

- Transportteneste med snøscooter fram til hyttene på vinteren må skrivast inn i føresegnene
- Det må inn i føresegnene at avlaupsrør, vassleidning og el. kabel skal leggst i felles trase til hyttene. Traseane skal synleggjerast i plankartet. Plassering av pumpehus for borevatn må inn i plankartet.
- Plankartet må endrast om det berre vert tale om eit avlaupsanlegg til 40 hytter.
- Føresegnene skal innehalde ein setning om at det skal leverast godkjent drikkevatn til hyttene innanfor reguleringsområde, og kven som har ansvar for dette.
- Dei eksisterande hyttene må nummererast saman med dei planlagde hyttene. Det vil seia at reguleringsområde skal nummererast frå 1 til 42.
- Trase for gang- og sykkelveg til enden av planen i sørvestlege hjørne må merkast av i arealkartet. Ordet "kommunal" må fjernast i føresegnene i høve til gang- og sykkelsti.
- Normene til Statens Vegvesen, for veg og parkeringsplass, må nyttast i planen.
- Tilkomst til hyttene må inn i plankartet. Desse traseane bør settast av som fellesareal.
- Tilkomst til resipient, Frølandselva, for avlaupsvatnet frå rensleanlegget må sikrast ved kjøp av eigedom til Frølandselva eller ved tinglyst avtale.
- Det må inn ein setning i føresegnene om at plassering av hyttene skal gjerast i samråd med kommunen i samband med byggjesøknad.
- Føresegne skal endrast til at hyttene skal tjærebeisast i sort eller brunt.

Endringar ut over dette vil krevja at planen vert lagt fram for Utval for natur på nytt før den vert godkjent lagt ut for offentleg høyring.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka. Det vart bedt om at VA-anlegga vert dimensjonert slik at det og kan tena etablerte hytter i området.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplan for Eikedalen hyttetun vert godkjent til utlegging til 1. gongshøyring med vilkår om at følgjande endringar vert gjort før planen vert lagt ut:

- Transportteneste med snøscooter fram til hyttene på vinteren må skrivast inn i føresegnene
- Det må inn i føresegnene at avlaupsrør, vassleidning og el. kabel skal leggst i felles trase til hyttene. Traseane skal synleggjerast i plankartet. Plassering av pumpehus for borevatn må inn i plankartet.
- Plankartet må endrast om det berre vert tale om eit avlaupsanlegg til 40 hytter.
- Føresegnene skal innehalde ein setning om at det skal leverast godkjent drikkevatn til hyttene innanfor reguleringsområde, og kven som har ansvar for dette.
- Dei eksisterande hyttene må nummererast saman med dei planlagde hyttene. Det vil seia at reguleringsområde skal nummererast frå 1 til 42.
- Trase for gang- og sykkelveg til enden av planen i sørvestlege hjørne må merkast av i arealkartet. Ordet "kommunal" må fjernast i føresegnene i høve til gang- og sykkelsti.
- Normene til Statens Vegvesen, for veg og parkeringsplass, må nyttast i planen.
- Tilkomst til hyttene må inn i plankartet. Desse traseane bør settast av som fellesareal.

- Tilkomst til resipient, Frølandselva, for avlaupsvatnet frå rensleanlegget må sikrast ved kjøp av eigedom til Frølandselva eller ved tinglyst avtale.
- Det må inn ein setning i føresegnene om at plassering av hyttene skal gjerast i samråd med kommunen i samband med byggjesøknad.
- Føresegne skal endrast til at hyttene skal tjærebeisast i sort eller brunt.

Endringar ut over dette vil krevja at planen vert lagt fram for Utval for natur på nytt før den vert godkjent lagt ut for offentleg høyring.

0023/05

KLAGE PÅ DELEGERT VEDTAK SAK 10/05

AVSLAG PÅ BYGGING AV 6-8 NAUST/RORBUER PÅ GNR.43 BNR.87 TYSSE

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på staden.

Det vart fatta samrøystes vedtak..

Vedtak:

Klagen vert ikkje teken til følgje.

Søknaden kan vurderast i samband med utarbeiding av strandsoneplan

0024/05

DELINGSSAK GNR 25, BNR 11, 138.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til § 63 i plan og bygningslova gjeve løyve til å dele i frå ei bustadtomt på om lag 800 m² frå gnr/bnr 25/11,138 i Samnanger kommune. Det vert sett vilkår om tilknytning til offentleg vatn og avlaup. Tilkomst til bustadtomta må sikrast frå aust ved eksisterande avkjørsle.

Det vert i høve til § 12 i jordlova gjeve løyve til frådelling av ei bustadtomt på om lag 800 m² frå gnr/bnr 25/11,138 i Samnanger kommune..

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på staden.

Det vart fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

Vedtak:

Det vert i høve til § 63 i plan og bygningslova gjeve løyve til å dele i frå ei bustadtomt på om lag 800 m² frå gnr/bnr 25/11,138 i Samnanger kommune. Det vert sett vilkår om tilknytning til

offentleg vatn og avlaup. Tilkomst til bustadtomta må sikrast frå aust ved eksisterande avkjørsle.

Det vert i høve til § 12 i jordlova gjeve løyve til frådelling av ei bustadtomt på om lag 800 m² frå gnr/bnr 25/11,138 i Samnanger kommune.

0025/05

DELINGSSAK GNR 24/35.

Framlegg til vedtak::

Kåre Tverlid vert i høve til § 63 i plan- og bygningslova gitt løyve til å dele i frå ei bustadtomt på om lag 800 m² på gnr/bnr 24/35 i Samnanger kommune. Det vert sett vilkår om tilknytning til kommunalt vatn og avlaup. Tilkomst til tomta skal vera frå vegen til Helgatona.

Handsaming i møte:

Det vart fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

Vedtak:

Kåre Tverlid vert i høve til § 63 i plan- og bygningslova gitt løyve til å dele i frå ei bustadtomt på om lag 800 m² på gnr/bnr 24/35 i Samnanger kommune. Det vert sett vilkår om tilknytning til kommunalt vatn og avlaup. Tilkomst til tomta skal vera frå vegen til Helgatona.

0026/05

DELINGSSAK GNR 32, BNR 1.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til § 7 og 63 i plan- og bygningslova gitt løyve til å dela i frå eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1. Tomta skal vera på om lag 0,5 daa. Hytta ligg på vestsida av Kvittingsvatnet, ovanfor demninga.

Det vert i høve til § 12 i jordlova gjeve løyve til å dela i frå i frå eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1. Tomta skal vera på om lag 0,5 daa. Hytta ligg på vestsida av Kvittingsvatnet, ovanfor demninga.

Handsaming i møte:

Det vart fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

Vedtak:

Det vert i høve til § 7 og 63 i plan- og bygningslova gitt løyve til å dela i frå eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1. Tomta skal vera på om lag 0,5 daa. Hytta ligg på vestsida av Kvittingsvatnet, ovanfor demninga.

Det vert i høve til § 12 i jordlova gjeve løyve til å dela i frå i frå eksisterande hytte på gnr/bnr 32/1. Tomta skal vera på om lag 0,5 daa. Hytta ligg på vestsida av Kvittingsvatnet, ovanfor demninga.

0027/05

FRITAK FRÅ BU- OG DRIVEPLIKT GNR 31, BNR 28 GRØNSDAL.**Framlegg til vedtak::**

Johannes Sture vert gitt varig fritak frå kravet om bu- og driveplikt på gnr/bnr 31/28 i Samnanger kommune. Søkjar bør på den andre sida forvalta eigedomen med tanke på kulturlandskap og utmark.

Handsaming i møte:

Det vart fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

Vedtak:

Johannes Sture vert gitt varig fritak frå kravet om bu- og driveplikt på gnr/bnr 31/28 i Samnanger kommune. Søkjar bør på den andre sida forvalta eigedomen med tanke på kulturlandskap og utmark.

0028/05

FRITAK FOR BU- OG DRIVEPLIKT GNR. 7, BNR. 2, HAUGEN**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gjev varig fritak for bu og driveplikt på gbnr. 7/2 til Svein Haugen. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Handsaming i møte:

Det vart fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

Utvalet ønsker å preiseisera i vedtaket at eigedomen bør forvaltast med tanke på kulturlandskap og utmark.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev varig fritak for bu og driveplikt på gbnr. 7/2 til Svein Haugen. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

.Søkjar bør på den andre sida forvalta eigedomen med tanke på kulturlandskap og utmark.